

- 5 OKT. 1988


Å R S M E L D I N G 1 9 8 7




FISKERIRETTLEIAREN I HARAM, SKODJE, ØRSKOG OG VESTNES

3038/1147

HARAM KOMMUNE



--- : Kommunegrense



F O R O R D

Anno 1. februar 1986 tiltrådte underskrivne stillinga som fiskerirettleiar for kommunane Haram, Skodje, Ørskog og Vestnes.

I fylgje lov om rettleiingstenesten i fiskerinæringa, og § 10 i instruks for fiskerirettleiare, skal fiskerirettleiarane utarbeide årsmelding med oversikt over dei ulike gjeremål ved fiskerikontoret det føregåande år.

Årsmeldinga skal gi eit anvendeleg bilde av utviklinga innan distriktes fiskerinæring i beretningsåret. Den representerer som sådan eit viktig hjelpemiddel i sakshandsaminga for fiskerinemnda og fiskerirettleiar, og ventelig også for kommunepolitikere i sitt arbeid med næringsverksemd.

Årsmeldinga er utarbeidet av underskrivne fiskerirettleiar, og den er i tråd med Fiskeridirektoratets opplegg for "standardisering av årsmelningar for fiskerirettleiare".

Brattvåg, september 1988

Olav J. Flaa



FISKERIRETTLEIAREN

I HARAM, SKODJE, ØRSKOG OG VESTNES

Fiskeridirektoratet
Kontor for rettledning/informasjon
Postboks 185
5001 BERGEN

6270 BRATTVÅG
Telefon (071) 15 971

Dykkar ref.

J. nr. 94/88

Arkiv nr. 374.6

Dato 30.09.88

Årsmelding for 1987 frå Fiskerirettleiaren i Haram kommune m.fl.

Vedlagt oversendes årsmelding for 1987 frå Fiskerirettleiaren i
Haram, Skodje, Ørskog og Vestnes (./.).

Med helsing

Olav Flaa
Olav Flaa

I N N H A L D S L I S T E

1.	RETTLEIINGSTENESTA SI VERKSEMD OG FUNKSJON	Side
1.1.	Fiskerikontoret	1
1.2.	Personalet	1
1.3.	Korrespondanse	1
1.4.	Rettleiing og informasjon	2
1.5.	Møteverksemd/viktige prosjekter	2
1.6.	Deltakelse i utvalg, nemnder, råd og komiteér	3
1.7.	Fiskerinemnder	4
1.8.	Møteverksemd i fiskerinemndene	5
2.	SYSSELSETTINGA I FISKERINÆRINGA	
2.1.	Sysselsetting i fisket	7
2.2.	Sysselsetting i foredlingsleddet	12
2.3.	Sysselsetting i oppdrettsnæringa	13
3.	FISKEFLÅTEN	
3.1.	Merkeregisteret	15
3.2.	Krinsvis fordeling av fiskeflåten	19
3.3.	Konsesjonsbildet for kommunane	22
3.4.	Likviditetssituasjonen i fiskeflåten	23
4.	FOREDLINGSSSEDDET	
4.1.	Fiskebedriftene	24
4.2.	Råstoff, produksjon og kvantumsutvikling	25

5.	FISKEOPPDRETT/AKVAKULTUR	Side
5.1.	Oppdrett av matfisk og settefisk (laks og aure)	28
5.2.	Oppdrett av andre marine fiskearter og skjeldyrking	33
6.	LÅNE- OG FINANSIERINGSKJELDER	
6.1.	Statens Fiskarbank	34
6.2.	Andre låne- og finansieringskjelder	35
7.	FISKERINÆRINGA — KONKLUSJON/SAMANDRAG	36

VEDLEGG

A:

Tabell 3.1: Merkerregisterdata pr. 31.12.86 for kommunane Haram, Skodje, Ørskog og Vestnes

" 3.2: Krinsvis fordeling av fiskeflåten pr. 31.12.86
- Haram kommune

VEDLEGG

B: Kartspesifikasjonar

1. RETTLEIINGSTENESTA SI VERKSEMD OG FUNKSJON

1.1. Fiskerikontoret.

Haram er kontorkommunen til fiskerirettleiaren. Fiskerikontoret har sitt lokale i andre høgda i Sunnmørsbankens bygg i Brattvåg. Lokalet tilfredsstillar ikkje dagens krav til kontorstandard. Med eit netto areal på berre 20 kvm., er det også lite og uhensiktsmessig som arbeidsplass. Dette fordi ein må ta i betraktning det relativt store rettleiardistriktet som skal betjenes herfrå, og dessutan at kontorromet fungerer som møtelokale for fiskerinemnda i Haram.

Inventaret som tildømes skrivebord og skap m/hylleseksjonar er tidlegare brukte ting som allereie var i dårleg tilstand då det vart innkjøpt hit. Når det gjeld arkivskapet så vart det innkjøpt nytt i 1986 og er såleis av god standard.

Kontorteknisk utstyr er nytt og av god standard, og det forefinnes på kontoret i naudsynt omfang. Kontoret vart utstyrt med PC i 1987.

1.2. Personalet.

Fast bemanning er kun fiskerirettleiar då kontoret er såkalla "einmanns" betjent. Underbemanninga på kontoret har ført til ein stressande arbeidssituasjon med tildømes stort arbeidspress og eit urimeleg høgt antal overtidstimar, utan høveleg form for kompensasjon, i dei 2-åra fiskerirettleiaren har vore tilsett i stillinga.

Retningsgivande for kontorets verksemd er instruks for fiskerirettleiare, fastsatt i medhold av lov nr. 42 av 11. juni 1982 om rettleiingstjenesta i fiskerinæringa.

1.3. Korrespondanse.

Av brevjournalen for inn- og utgåande skriv for fiskerikontoret i

Haram, Skodje, Ørskog og Vestnes framgår følgjande antalsfordeling dei siste 2 år:

År	1986	%-vis	1987	%-vis	1988	%-vis
Ant. inng. skriv	320	44	330	38		
" utg. skriv	406	56	520	62		
Ant. totalt	726	100	850	100		

I meldingsåret auka den totale mengde av inn- og utgåande skriv med 17%. Antal utgåande skriv i 1987 er 520 stk., d. v. s. 62% av den totale mengde skriv.

1.4. Rettleiing og informasjon.

Det er både i meldingsåret og i 1986 registrert stadig aukande behov for veiledning og informasjon til næringa sine utøvere.

1.5. Møteverksemd/viktige prosjekter.

Fiskerirettleiaren har i meldingsåret hatt ein betydeleg del møteverksemd, både i og utanfor tenestedistriktet. Ein kan her eksempelvis nemne:

- Deltakelse i årsmøte til Sunnmøre Fiskarlag
- Deltakelse i årsmøte til Romsdal Fiskarlag
- Deltakelse m/orientering i Grytestranda Fiskarlag
- Deltakelse i årsmøte til Romsdal Notfiskarlag
- Deltakelse i årsmøte til Møre og Romsdal Skjel-
dyrkarlag
- Tilrettelegging/organisering av "sikkerhetsopplæring
for fiskare" - kurs i Brattvåg.
- Deltakelse i "seminar om lenka"
- Deltakelse i "havteineseminar"
- Reise til oppdrettsmessa Aqua-Nor `87
- PC-kurs ved Fiskeridirektoratet i Bergen .

Av relativt store og viktige prosjekter i distriktet som har engasjert fiskerirettleiaren i meldingsåret, kan ein til dømes nemne:

- Havbruksplanen i Møre og Romsdal - utsending av spørjeskjema m/følgjeskriv - innsamling av data til Fylkesmannen (Næringsavdelinga i Molde).
- Terskelfjordprosjektet i Møre og Romsdal - beregning av forureiningstilførsler i Haram kommune.
- Utarbeiding av "Bruksplan for vassdraga i Haram" - i samarbeid med Landbrukskontoret i Haram.
- Registrering av sjukdomsplagar i oppdrettsnæringa i kommunane Haram, Skodje, Ørskog, Vestnes, Rauma og Norddal - oppdrag for Fiskerisjefen i Møre og Romsdal.
- Undersøkelse av tilbud vedr. veiledningsteneste/avtaler om faste veterinærbesøk for oppdrettsnæringa - oppdrag utført etter forespurnad frå Norske Fiskeoppdretteres Forening og omfatter heile rettleiardistriktet, samt Giske, Sykkylven og Stranda kommune.
- Budsjettnemnda for fiskerinæringa - lønsemdgranskingar 1987 for kystfiskefarty under 13 m.
- Synfaring/registrering av akvakulturanlegg - kartfesting av lokalitet (UTM-koordinater) i kommunane Haram, Skodje, Ørskog, Vestnes, Rauma, Norddal og Stordal.

1.6. Deltakelse i utvalg, nemnder, råd og komitèr.

Merkelovens tilsynsmann:

I henhold til instruks for fiskerirettleiare § 6, skal fiskerirettleiaren inneha stillinga som merkelovens tilsynsmann. For tida fungerer fiskerirettleiaren som merkelovens tilsynsmann i kontorkommunen, d.v.s. i Haram, samt Vestnes kommune. Arbeidet består i å holde merkeregisteret ajour, skrive ut merkebrev til fartøyeigare, foreta endringer i merkeregisteret og ekspedere dette vidare til Fiskerisjefen i Møre og Romsdal.

Fiskarmanntalsnemnda.

I henhold til instruks for fiskerirettleiare § 2, skal fiskerirettleiaren føre manntalet for fiskare og fangstmenn m.v. i kontorkommunen, samt andre deler av tenestedistriktet der dette blir bestemt. For tida fungerer fiskerirettleiaren som manntalsførar for distrikts-kommunene Haram, Skodje og Ørskog. Vestnes kommune har eigen manntalsførar.

1.7. Fiskerinemnder.

Fiskerinemnda er statens fagorgan for rettleiingstenesten i kommunen, og er ei. kommunalt oppvald nemnd.

Dei sittande fiskerinemndene er vald for perioden 1984-1987, og består av følgjande medlemar og varamedlemar i kontorkommunen:

Haram fiskerinemnd.

Leiar:	Sigmund Flem	6293 Longva
Nestleiar:	Helge Holmeseth	6265 Vatne
Medlem:	Steinar Kjørstad	6292 Kjørstad
Medlem:	Sebjørn Vestre	6270 Brattvåg
Medlem:	Sivert Fjørtoft	6294 Fjørtoft
Varamedlemar:	Hans P. Tomren	6290 Haramsøy
	Leif J. Hildre	6272 Hildre
	Oddvar Urkedal	6265 Vatne
	Eilert Volstad	6280 Søvik
	Arne O. Fjørtoft	6294 Fjørtoft

I dei øvrige kommunane i distriktet er medlemane i fiskerinemndene lista opp slik:

Felles fiskerinemnd - Skodje, Ørskog, Norddal og Stordal.

Leiar:	Lars Giskeødegård	6260 Skodje
Nestleiar:	Leif Nybø	6240 Sjøholt
Medlem :	Gerd Eikremsvik	6260 Skodje
Medlem:	Norma Rødset	6250 Stordal
Medlem:	Hallvard Tafjord	6213 Tafjord

Felles fiskerinemnd - Vestnes og Rauma.

Leiar:	Olav H. Aas	6390 Vestnes
Nestleiar:	Rolf Larsen	6393 Tomrefjord
Medlem:	Grete Eik	6394 Fiksdal
Medlem:	Per Gunnar Voldset	6386 Måndalen
Medlem:	Ivar Holsether	6350 Eidsbygda

Fiskerinemndas verksemd er bestemt i lov om rettleiings-
tenesten som trådte i kraft 11. juni 1982. Saker som har å
gjere med Statens Fiskarbank er underlagt særlov.

Fiskerirettleiaren forbereder saker for-og er sekretær for
fiskerinemndene, samt bestemmer når møter skal verte haldne.

1.8. Møteverksemd i fiskerinemndene.

I Haram kommune er det halde 10 møter i fiskerinemnda i meldings-
året med ei samla møtetid på 45 timar. Totalt vart det handsama 76 saker.

Fiskerinemnda for Vestnes og Rauma har i meldingsåret halde eitt
møte med total møtetid på 2 timar. På møtet vart det handsama 5 saker.

Felles fiskerinemnd for Skodje , Ørskog , Norddal og Stordal har
halde eitt møte med ei samla møtetid på 1 1/2 time. På møtet
vart det handsama 5 saker, derav 4 referatsaker.

Dei sakene som i alt er handsama i fiskerinemnda i kontor-kommunen i perioden 1986 - 1987 er lista opp med følgjande fordeling:

Tab. nr. 1.8. Saker handsama i Haram fiskerinemnd i perioden 1986 - 1987:

	<u>1986</u>	<u>1987</u>	<u>1988</u>	<u>1989</u>
Statens Fiskarbank	27	16		
Konsesjonssaker (fiske)	5	6		
Ervervsløyve til fiskefartøy	5	6		
Fiskeoppdrett	16	13		
Skjeldyrking	32	-		
Fylkesplaner/saker	-	1		
Kommunale saker	3	13		
Oljesaker	-	2		
Manntalssaker	12	6		
Andre saker	6	13		
Tilsaman	<u>106</u>	<u>76</u>		

Under "andre saker" finner ein bl.a. ref.saker, og består i det vesentlege av saker som er handsama administrativt i perioden.

Som det framgår av tabellen har det vore ein nedgang i saksmengden i 1987 samanlikna med med i fjor. 28% totalt sett.

Nedgangen syner seg hovedsakeleg under saker til Statens Fiskarbank, skjeldyrking og manntalssaker.

2. SYSSELSETTINGA I FISKERINÆRINGA

2.1. Syssselsetting i fisket.

Fiskarmanntalet brukes som indikator på syssselsettinga innan fisket. Fiskarmanntalet omfatter personar som driv sjøfiske, kval - eller selfangst. Medrekna er også mannskap på fiskebåtar sjølv om dei ikkje tek direkte del i fisket, tildømes stuertar, maskinistar m.v.

Reglane for oppsett av fiskarmanntalet er endra etter lov av 11. juni 1982 om rettleiingstenesta i fiskerinæringa. Forskrifter fastsatt 26. september 1983 av Fiskeridepartementet sett bestemte krav til tid i fiske og til minimum inntekt i fiske.

Manntalet skal vere organisert i to deler, blad A og blad B. Blad A skal vere eit register over personar som har fiske eller fangst som biyrke. Blad B skal vere eit register over personar som har fiske eller fangst som hovudyrke.

Fiskarmanntalet.

I nedanståande tabeller er fiskarmanntalet oppsett for kvar kommune i rettleiardistriktet og syner manntalsførde fiskarar fordelt på aldresgrupper og fiske eller fangst som levevei i tidsrommet 1985 til 1987. Tala referer til 31/12 kvart år.

Tabell 2.1: Fiskarmanntalet i Haram kommune - fiskarar fordelt etter aldersgrupper og fiske som levevei i tidsrommet 1985 til 1987.

År	Inn- deling	15-19	20-29	30-39	40-49	50-59	60-69	70 og over	Totalt
1985	Blad A			4		1	23	8	36
	Blad B	33	141	78	58	55	29		394
	Totalt	33	141	82	58	56	52	8	430
1986	Blad A			3	1	2	26	14	46
	Blad B	39	144	100	58	45	30	1	417
	Totalt	39	144	103	59	47	56	15	463
1987	Blad A			3	1	5	32	18	59
	Blad B	43	148	98	65	41	26	1	422
	Totalt	43	148	101	66	46	58	19	481

Kommentarer.

Som det går fram av tabell 2.1 har talet på manntalsførde fiskarar auka i tidsrommet 1985 til 1987. I tidsrommet har det vore ein auke totalt sett på 28 personar på B-manntalet, medan A-manntalet har hatt ein auke på 23 personar.

Rekrutteringsmessig kan ein såleis registrere ein oppgang i meldingsåret samanlikna med 1985. Det positive i denne

samanheng er utviklinga i alderssamansettinga av fiskarar i Haram. Aldersgruppene under 40 år var totalt sett i 1985 ca. 60% og i 1987 ca. 61%. Ser ein på utviklinga for B-fiskarar utgjorde denne aldersgruppen i 1985 ca. 64% medan den i 1987 var auka til ca.68%.

Tabell 2.1.1: Fiskarmanntalet i Skodje kommune - fiskarar fordelt etter aldersgrupper og fiske som levevei i tidsrommet 1985 til 1987.

År	Inndeling	15-19	20-29	30-39	40-49	50-59	60-69	70 og over	Totalt
1985	Blad A				1	1	3	2	7
	Blad B	6	16	11	6	3			42
	Totalt	6	16	11	7	4	3	2	49
1986	Blad A				1	1	3	2	7
	Blad B	4	15	13	7	4			43
	Totalt	4	15	13	8	5	3	2	50
1987	Blad A				1	1	2	1	5
	Blad B	2	19	10	3	5			39
	Totalt	2	19	10	4	6	2	1	44

I Skodje kommune er talet på manntalsførde fiskarar redusert noko i tidsrommet 1985 til 1987, totalt 5 personar. Aldersgruppene under 40 år utgjorde tilsaman for A- og B-fiskarar ca. 70 % i 1987 medan talet for B-fiskarar var ca. 79%.

Tabell 2.1.2: Fiskarmanntalet i Ørskog kommune - fiskarar
fordelt etter aldersgrupper og fiske som leve-
vei i tidsrommet 1985 til 1987.

År	Inn- deling	15-19	20-29	30-39	40-49	50-59	60-69	70 og over	Totalt
1985	Blad A								
	Blad B	1		4	1	1			7
	Totalt	1		4	1	1			7
1986	Blad A								
	Blad B	1	2	3	3	1			10
	Totalt	1	2	3	3	1			10
1987	Blad A								
	Blad B		2	4	1		1		8
	Totalt		2	4	1		1		8

Som det går fram av tabell 2.1.2 er det eit lite antal fiskarar
i Ørskog kommune.

Tabell 2.1.3: Fiskarmanntalet i Vestnes kommune - fiskarar fordelt etter aldersgrupper og fiske som levevei i tidsrommet 1985 til 1987.

År	Inn- deling	15-19	20-29	30-39	40-49	50-59	60-69	70 og over	Totalt
1985	Blad A				1	1	2	4	8
	Blad B	9	48	17	6	7	1		88
	Totalt	9	48	17	7	8	3	4	96
1986	Blad A			1	1	1	3	4	10
	Blad B	14	52	14	6	8			94
	Totalt	14	52	15	7	9	3	4	104
1987	Blad A				1	2	3	5	11
	Blad B	18	59	17	11	8			113
	Totalt	18	59	17	12	10	3	5	124

Dei siste tre åra har antal fiskarar i Vestnes auka betydeleg. For B-fiskarar auka antalet med 25 personar (ca. 28%). Totalt sett var det ein auke på 28 personar (ca. 29%). Antal B-fiskarar i aldersgruppene under 40 år utgjorde ca. 76%, totalt sett i 1987.

2.2. Sysselsetting i foredlingsleddet.

Tab.nr. 2.2. Sysselsetting i foredlingsleddet i Haram.

År	Heltidstilsette			Deltidstilsette			Antal årsverk		
	Menn	Kvinner	Totalt	Menn	Kvinner	Totalt	Menn	Kvinner	Totalt
1985	47	24	71	9	14	23	51	31	82
1986	45	24	69	9	14	23	49	31	80
1987	50	25	75	9	15	24	54	33	87

I begrepet heltidstilsette regnes personar som er i arbeid ved eit av kommunens foredlingsanlegg i minst 10 mdr. pr. år. Arbeidsfritt som følgje av produksjonsstopp regnes ikkje som fradrag i denne samanheng.

Som tabellen syner har det vore ein vesentleg auke (ca.9% totalt) i sysselsettinga i foredlingsleddet i tidsrommet 1986 til 1987. Med heltids- og deltidstilsette utgjør sysselsettinga i meldings- året ca. 87 årsverk. Denne auken skyldes nyetablering av eit anlegg.

Eit karakteristisk trekk i sysselsettinga i foredlingsleddet er at kvinner dominerer i antal når det gjeld deltidstilsette. Det er litt vanskeleg å si om denne trenden vil opprettholdes/ fortsette eller om det i framtida vil verte fleire kvinner i heltidsstillingar.

2.3. Sysseilsetting i oppdrettsnæringa.

Tab.nr. 2.3: Sysseilsetting i oppdrettsnæringa i Haram.

År	Heltidstilsette			Deltidstilsette			Antal årsverk		
	Menn	Kvinner	Totalt	Menn	Kvinner	Totalt	Menn	Kvinner	Totalt
1985	5		5	1	3	4	5,5	1,5	7
1986	6		6	2	3	5	6,5	1,5	8
1987	8		8	2	4	6	9	2	11

Oppdrettsnæringa i Haram sysselsatte i 1987 14 personar på hel- og deltid, noko som utgjorde ca. 11 årsverk totalt sett. Samanlikna med 1985 er dette ein aukeing på 5 personar - 4 årsverk. Aukeinga i antal sysselsatte har si årsak i tildeling av matfiskkonsesjon 1986.

Tab.nr. 2.3.1: Sysseilsetting i oppdrettsnæringa i Skodje.

År	Heltidstilsette			Deltidstilsette			Antal årsverk		
	Menn	Kvinner	Totalt	Menn	Kvinner	Totalt	Menn	Kvinner	Totalt
1985	7		7	4	4	8	8	1	9
1986	7		7	8	8	16	9	2	11
1987	7		7	8	8	16	9	2	11

I skodje kommune var det i 1987 sysselsatt 23 personar på hel- og deltid, noko som utgjorde ca. 11 årsverk. Samanlikna med 1985 er dette ein auke på 8 deltidstilsette personar - 2 årsverk.

Tabell 2.3.2: Sysselsetting i oppdrettsnæringa i Ørskog.

År	Heltidstilsette			Deltidstilsette			Antal årsverk		
	Menn	Kvinner	Totalt	Menn	Kvinner	Totalt	Menn	Kvinner	Totalt
1985	2		2	5	3	8	2,5	0,5	3
1986	2		2	5	3	8	2,5	0,5	3
1987	2		2	5	3	8	2,5	0,5	3

I Ørskog kommune var det i 1987 sysselsett 10 personar på hel- og deltid, noko som utgjorde ca. 3 årverk. Det har ikkje skjedd nokon endring i antal sysselsette i tidsrommet 1985 til 1987.

Tabell 2.3.3: Sysselsetting i oppdrettsnæringa i Vestnes.

År	Heltidstilsette			Deltidstilsette			Antal årsverk		
	Menn	Kvinner	Totalt	Menn	Kvinner	Totalt	Menn	Kvinner	Totalt
1986									
1987	2		2				2		2

Vestnes kommune hadde 2 personar sysselsett i oppdrettsnæringa i 1987, totalt 2 årsverk. Desse to personane var i 1987 mest beskjeftiga med anleggsarbeide i samband med etablering/bygging av settefiskanlegg. Tildeling av konsesjon skjedde i oktober '86.

Ein gjer merksam på at antal sysselsette presantert i tab nr. 2.3 , 2.3.1., 2.3.2., og 2.3.3. omfatter kun verksemd ved matfiskanlegg og settefiskanlegg. Oppdrett av skalldyr og andre marine fiskeartar enn laks og aure er ikkje tatt med.

HARAM 1987

Lengde i meter	Status pr.1/1	Antal fartøyer			Byggeår					
		Avgang	Tilgang	Status pr.31/12	Før 1950	1950-59	1960-69	1970-79	1980-87	Uopp- gitt
Under 10	36	2	4	38		4		19	14	1
10-14,9	17	1	1	17	3	3	2	7	1	1
15-24,9	4		1	5	2	1			2	
25-34,9	11	1	1	11			4	4	3	
35-49,9	6		1	7		1	2	4		
Over 50	5	1	2	6			2	2	2	
Totalt	79	5	10	84	5	9	10	36	22	2

Tab. 3.1 - Merkeregisterdata pr. 31.12.87

SKODJE 1987

Lengde i meter	Status pr.1/1	Antal fartøyer		Byggeår						
		Avgang	Tilgang	Status pr.31/12	Før 1950	1950-59	1960-69	1970-79	1980-87	Uopp- gitt
Under 10	18	3		15		4	3	6	2	
10-14,9										
15-24,9										
25-34,9										
35-49,9										
Over 50										
Totalt	18	3		15		4	3	6	2	

Tab. 3.1 - Merkerregisterdata pr. 31.12.87

ØRSKOG 1987

Lengde i meter	Status pr.1/1	Antal fartøyer		Byggeår						
		Avgang	Tilgang	Status pr.31/12	Før 1950	1950-59	1960-69	1970-79	1980-87	Uopp- gitt
Under 10	12			12	2	2	4	4		
10-14,9										
15-24,9										
25-34,9										
35-49,9										
Over 50										
Totalt	12			12	2	2	4	4		

Tab. 3.1 - Merkerregisterdata pr. 31.12.87

VESTNES 1987

Lengde i meter	Antal fartøyer				Byggeår					
	Status pr.1/1	Avgang	Tilgang	Status pr.31/12	Før 1950	1950-59	1960-69	1970-79	1980-87	Uopp- gitt
Under 10	21	1	1	21		4	6	5	5	1
10-14,9	2	1		1					1	
15-24,9										
25-34,9	1			1				1		
35-49,9										
Over 50										
Totalt	24	2	1	23		4	6	6	6	1

Tab. 3.1 - Merkeregisterdata pr. 31.12.87

Tab. 3.2. Krinsvis fordeling av fiskeflåten pr. 31.12.87

HARAM KOMMUNE

Sted, Storleik i meter	Under 10m	10-14,9m	15-24,9m	25-34,9m	35-49,9m	Over 50m
Lepsøy	3	3			1	2
Haramsøy	3	2	2			
Flemsøy	11	3	1	1	2	
Fjørtoft	7	3	1	3	1	
Brattvåg/Hellandshamn	3	3			1	3
Hildre	1	1				
Søvik/Gamlem	4			1	1	
Vatne/Grytestranda/ Vestrefj./Tennfj.	6	2	1	7	1	
	38	17	5	11	7	6

Kommentarer til fartøyutviklinga.

Haram:

Som det framgår av tabell 3.1 er det i Haram pr. 31.12.87 registrert i alt 84 farty. Pr. 01.01.87 var antalet 79. Det har altså vore ein netto tilgang på totalt 5 farty dette året, derav 3 farty i storleiksgruppene over 10 m lengde.

Tilgangen innbefatter bl. a. 3 nybygg, derav eit autoline/teine fartøy i storleiksgruppen 10-14,9 m og 2 moderne fabrikk-trålere med ombordproduksjon av fangst. Største lengde på desse fartya er h.h.v. 56 m og 65.5 m. I tillegg til produksjon av frossen filet har dei også utstyr for produksjon av mjøl.

Tilnærmet 55% av fiskeflåten i Haram består av farty i storleiksgruppene over 10 m.

Dersom ein samanliknar denne %-vise andelen med 1986 (status 1/1), kan det opplyses at då var 50 % av fartya i storleiksgruppene over 10 m. Altså ein auke på 5% i nemnte tidsrom. Dette har samanheng med at det i 1986 vart sletta 15 farty i gruppen under 10 m då eigarane ikkje var manntalsført og såleis ikkje tilfredsstilte krava til å ha fartya i merkeregisteret.

Når det gjeld fiskeflåtens standard og alderssamansetning har ein registrert ei relativt positiv utvikling dei siste to åra. Stort sett kan ein si at den etter kvart er begynt å bli tilfredsstillande.

Som det framgår av tabell 3.1 er ca. 69% av fartya i storleiksgruppene over 10 meters lengde bygd etter 1970, totalt sett. Både i 1986 og 1987 har det blandt fiskarane vore vist stor interesse for ombygging/modernisering og utskifting av båtar.

Tabell 3.2 syner krinsvis fordeling av fiskeflåten i Haram pr. 31.12.87.

Skodje, Ørskog og Vestnes:

I meldingsåret har det ikkje vore dramatiske endringar i flåtestrukturen i dei øvrige kommunane i distriktet.

I Skodje var det pr. 31.12 registrert i alt 15 farty, samtlege av desse var "sjarker" under 10 meters lengde. Som det framgår av tabell 3.1 har det vore ein netto nedgang i denne storleiksgruppen på 3 farty. 53% av fartya var bygd etter 1970.

Ørskog kommune syner same trend i flåtestrukturen , og det har heller ikkje her vore endring dei siste 2-åra. I alt var det registrert 12 farty og samtlege av desse var under 10 m. 33% av fartya er bygd etter 1970.

I Vestnes kommune var det pr. 31.12. registrert i alt 23 farty, 21 av desse var i storleiksgruppen under 10 m. Dette tilsvarer ca. 91%

Dersom ein ser på alderssamansetninga, var ca. 52% av fartya bygd etter 1970, totalt sett.

Storleiksmessig kan det sjå ut som fiskeflåten i desse tre kommunane ikkje vil endre seg vesentleg i dei første komande åra.

I meldingsåret samt 1986 har det vore registrert liten interesse blant fiskarane for kontrahering av større fiskebåtar i kommunane Skodje, Ørskog og Vestnes.

3.3. Konsesjonsbildet for kommunane.

Tab.nr. 3.3: Konsesjonar og fiskeløyve fordelt på kommuner
pr. 31.12.87 og endring frå 1986 i parantes.
Kjelde: Fiskeridirektoratet

Kommune	Torsk	Vassild	Ind.	Reke	Ringnot	Brisl.	Loddetr.	Snurrev.	Sum
Haram	5 (+1)	2 (-1)	6	1	3 (-1)		4 (-1)	1 (+)	22
Skodje									
Ørskog									
Vestnes								1	1
Totalt	5	2	6	1	3		4	1	23

Torsk: Torsketrålkonsesjon

Ringnot: Ringnotkonsesjon

Vassild: Løyve til å drive trålfiske etter vassild

Brisl.: Brislingløyve

Ind.: Industritrålkonsesjon

Loddetr.: Løyve til avgrensa tråling etter kolmule og trålfiske etter lodde og polartorsk.

Reke: Reketrålkonsesjon

Snurrev.: Konsesjon for fiske med snurrevad (midlertidig konsesjonsordning).

Kommentarer til konsesjonane.

Som det framgår av tabellen er det i alt 23 konsesjonar og løyve fordelt på kommunane i rettleiardistriktet, derav har Haram 22, medan Vestnes har ein konsesjon for fiske med snurrevad. Ein gjer merksam på at eit og same fartøy kan ha fleire konsesjonar, tildømes industritrålkonsesjon og løyve til å drive trålfiske etter vassild.

I tillegg til ovannemnte konsesjonar har Haram to farty med konsesjon for drivgarnsfiske etter laks, medan Vestnes har eitt fartøy, totalt 3 farty.

3.4. Likviditetssituasjonen i fiskeflåten.

Likviditetssituasjonen for fiskeflåten kan best beskrives ved å anvende antal søknader om betalingsutsettelse til Statens Fiskarbank i perioden 1986 - 1987. Men også antal søknader om likviditetslån til banken i eit definert tidsrom kan brukes som indikator på likviditetssituasjonen, dersom det er avsett/stilt midlar til disposisjon for likviditetslån.

Ved utgangen av meldingsåret førelå 9 søknader om betalingsutsettelse til Statens Fiskarbank, medan det i 1986 var 3 søknader.

Av dei tre fartøya som søkte avdragsutsettelse i 1986, var det to ringnotfartøy og ein trålar med torsketrål konsesjon. I tillegg til dette førelå det også søknad frå eitt fartøy om likviditetslån.

Av dei 9 søknadane om avdragsutsettelse som førelå i meldingsåret, førelå 5 stk. frå tre ringnotfartøy, d.v.s. at to fartøy har søkt om avdragsutsettelse to ganger i løpet av året.

Dessutan førelå tre søknader frå to trålfartøy, hhv. ein ferskfisktrålar og ein større trålar, begge med torsketrålkonsesjon. Og til sist førelå det 1 søknad frå eit større garn/line fartøy.

Det føreligg ikkje registreringar om betalingsutsettelse frå fartøy i storleiksgruppene under 15 m i tidsrommet 1986 - 1987.

Utifrå ovannemnte registreringar/opplysningar kan ein generelt si at likviditetssituasjonen for kommunen/es fiskeflåte varierer både når det gjeld storleiksgrupper og/eller etter kva slags fiske dei enkelte fartøygruppene driver. Såleis vil ein spesielt peike på dei vanskelegheiter ringnotflåten har opplevd i samband med samanbråtet i loddebestanden i Barentshavet. Ein positiv tendens i denne vanskelege situasjonen er at prisane på olje og mjøl syner auking i meldingsåret.

4. FOREDLINGSLEDDET

4.1. Fiskebedriftene.

Tab. nr. 4.1: Antal tilverkningsverksemder (landanlegg)
i 1986 og 1987.

Kommune	År	Total	Filet/ Frys	Tørrfisk	Saltfisk	Klippfisk	Sildølje/ Mjøl	Reke
Haram	'86	7	6	6	7	3	-	1
"	'87	8	7	6	8	4	-	1
Skodje	'86	1	1					
"	'87	1	1					

Som det framgår av tabellen har vi i alt 8 fiskeforedlingsanlegg i Haram, derav eitt nytt anlegg med produksjonsstart våren '87. Skodje har eitt anlegg som er tilknytt oppdrettsverksemd. Dei enkelte bedriftene i distriktet er lokalisert slik:

Brattvåg: Rognes Fisk A/S, adr. Brattvåg
Gjendemsjø Fiskeprodukter, adr. Brattvåg

Hellandshamn: Egil Vestre A/S, adr. Hellandshamn, Brattvåg

Grytestranda: Grytestranda Fiskeindustri A/S, adr. Vatne
Ingolf Engeset A/S, adr. Vatne

Lepsøy: Lepsøy Fiskeindustri A/S, adr. Kjerstad

Fjørtoft: Arne O. Fjørtoft, adr. Fjørtoft

Flemsøy: Karsten Flem, adr. Longva - og til slutt

Stette i Skodje: Stettefisk A/S (matfisk), adr. Skodje.

4.2. Råstoff, produksjon, kvantumsutvikling.

Tabell 4.2.1: Ilandført kvantum bunnfisk og skalldyr i Haram kommune (tonn rund vekt) og verdi 1.000 kr). *

	Fiskeslag					Anvendelse					
	Torsk	Sei	Hyse	Lange/ Brosme	Annet	Totalt	Fersk	Frys.	Salt.	Heng.	Annet
1986	3.204	5.561	760	2.353	268	12.146	588	7.161	4.398	-	-
1987	4.969	3.651	438	2.540	140	11.739	964	7.334	3.442	-	-
1988											

	Fiskeredskaper						Skalldyr		
	Garn/ Line	Juksa	Not	Trål	Sn.vad	Annet	Verdi	Kvantum	Verdi
1986	2.954	25	53	9.113	-	-	65.978	799	13.992
1987	3.034	3	-	8.702	-	-	77.380	878	14.935
1988									

Kjelde: Fiskeridirektoratet

Kommentarer.

Bunnfisk.

Total kvantumstilgang av bunnfisk i Haram kommune i 1987 syner ein reduksjon på ca. 3% samanlikna med 1986.

Torskekvantum ilandført i 1987 utgjør ca. 42% av det totale ilandførte kvantum. Dette er ein auke på ca. 16% samanlikna med 1986.

For det ilandførte kvantum sei kan ein registrere ein tilnærmet reduksjon (ca. 15%) samanlikna med året før. Seien utgjorde i 1987 ca. 31% av det totale kvantum mot ca. 46% i 1986.

Årets hysekvantum utgjorde ca. 4% av det totale kvantum. Dette er ein reduksjon på 2,5% samanlikna med 1986.

Det ilandførte kvantum lange og brosme i 1987 utgjør ca. 22%, medan det i 1986 utgjorde ca. 19% av det totale kvantum. Dette er ein auke på 3%.

Ilandført kvantum andre fiskeslag utgjør i 1987 bare 1% av det totale kvantum, medan det året før utgjorde over 2%. I betegnelsen "andre fiskeslag" er også tatt med steinbit og uer.

Bedriftenes produksjon og anvendelse var i 1986 og 1987 basert på dei tradisjonelle tilvirkingspektra. Av det totale kvantum 1987 gikk 8% til fersk anvendelse, ca. 63% til frys/filet og ca. 29% gikk til salting.

Samanlikna med 1986 utgjorde desse tilvirkingsformer%-vis slik: Fersk anvendelse ca. 5%, frys/filet 59% og salting ca. 36% av det totale ilandførte kvantum.

Altså har fersk anvendelse auka (3%) samanlikna med 1986. Anvendelsen frys/filet har auka med 4% , medan det har vore ein reduksjon i anvendelsen salting på 7% samanlikna med 1986.

Reidskapstyper. Mesteparten av bunnfisken vert fanga med garn/line og trål. Av det totale ilandførte kvantum i 1987 er ca. 26% fiska på garn/line, medan heile 74% med trål.

Garn- og linefangstane har auka litt (ca. 2%) dette året samanlikna med 1986, medan trålfangstane har hatt ein svak reduksjon (1%), totalt sett i nemnte tidsrom.

Verdien av totalt oppfiska kvantum bunnfisk auka i 1987 med 17% samanlikna med året før. Verdien i 1987 utgjør tilnærmet 77,4 mill. kroner, medan den i 1986 utgjorde tilnærmet 69 mill. kroner.

Skalldyr.

I 1987 er det ilandført 878 tonn skalldyr, medan det i 1986 var ilandført 799 tonn totalt sett. Dette er ein auke på ca. 10% samanlikna med året før.

Verdien av det totale ilandførte kvantum skalldyr er i 1987 tilnærmet 15 millionar kroner, medan verdien i 1986 var 14 mill. kroner. Dette er ein auke på ca. 7% samanlikna med 1986.

Pelagisk fisk.

Total kvantumstilgang av pelagisk fisk, vesentleg beståande av makrell/pir, feitsild, vintersild og lodde, er i 1987 i Haram kommune 3.279 tonn, medan det i 1986 var ilandført 3.545 tonn. Dette er ein reduksjon på over 7% samanlikna med året før.

Verdien av totalt ilandført kvantum pelagisk fisk i Haram kommune er i 1987 tilnærmet 5 mill. kroner, medan verdien i 1986 var ca. 6,3 mill. kroner. Dette er ein verdimesig reduksjon på 22% samanlikna med 1986.

Det alt vesentlege av ilandført kvantum av pelagisk fisk er fiska med not.

For kommunane Skodje, Ørskog og Vestnes er det relativt liten fiskeriaktivitet i "tradisjonell betydning" både når det gjeld ilandført fiskefangst og tilvirkingsverksemd på land. Kommunane er difor utelatt i årsmeldinga i denne samanheng.

* Ein gjer merksam på at fangststatistikken ovanfor (side 25) er kjørt ut på eit ukorrigert datagrunnlag. Tala over ilandført kvantum fisk må difor foreløpig vurderast og/eller sjåes på med varsemd. Fiskerirettleiaren vil oppmode lesar eller brukar til å sjå på desse tala som eit "grovt anslag".

5. FISKEOPPDRETT/AKVAKULTUR

5.1. Oppdrett av matfisk og settefisk (laks og aure).

I alt vart det i Møre og Romsdal i 1986 tildelt 14 konsesjonar for matfisk, herav 13 i den nasjonale tildelingsrunde for 1985 og 1 som anke frå 1983. Av dei 13 fikk Haram 1 som vist i tab.nr.5.1.

Tabell 5.1: Matfiskkonsesjonar 31.12.87.

Kommune	Antal	Oppdrettsvolum (m ³)	Auke i oppdrettsvolum frå 01.01.86 til 31.12.87	
Haram	3	24.000	8.000	(tildelt juli '86)
Skodje	2	22.000		
Ørskog	1	8.000		
Vestnes	-			
Totalt	6	54.000	8.000	

Tabell 5.1.1: Konsesjonar for settefisk (smolt) 31.12.87.

Kommune	Antal	Kapasitet settefisk x 1.000 stk.	Auke frå 01.01.86 til 31.12.87	
Haram	1	500	250	(tildelt jan. '86)
Skodje	1	150		
Ørskog	2	1.150	1.000	(tildelt nov. '86)
Vestnes	1	600	600	(tildelt okt. '86)
Totalt	5	2.400	1.850	

Tala for kvantum slakter kilo og verdi i kronar for matfisk-
anlegg, samt tala for uttak (antal stk. smolt) og verdi i
kronar i settefiskanlegg i 1986 og 1987 er som vist i tabell
nr. 5.1.2.

Tabell 5.1.2: Omsetning - matfisk- og settefiskanlegg i 1986
og 1987 (kilo slakter (rund) vekt, kronar) og
smoltuttak i stk. og kronar.

MATFISKANLEGG:		1986		1987		
kommune	ant anl	slakt i kg		ant anl	slakt i kg	
		laks	ørret		laks	ørret
Haram	2	84541	111087	3	259074	114548
Ørskog	1	38394	64466	1	102655	42433
Skodje	1	162013		1	178087	

I Vestnes kommune er det som nemnt ingen matfiskanlegg.

MATFISKANLEGG:		1986		1987		
kommune	ant anl	verdi i kr		ant anl	verdi i kr	
		laks	ørret		laks	ørret
Haram	2	2623000	2085000	3	8965000	2261000
Ørskog	1	1543000	1591000	1	4536000	1078000
Skodje	1	5917000		1	7774000	

SETTEFISKANLEGG:

Kommune	År	uttak i stk.		verdi i kr	
		laks	ørret	laks	ørret
Haram	'86	127 000		1 970 000	
- " -	'87	200 000	130 000	2 818 000	927 000
Skodje	'86	80 000	47 000	1 200 000	650 000
- " -	'87				

I kommunene Ørskog og Vestnes var det ingen settefiskanlegg som hadde produksjon i 1986 -1987.

Kommentarer.

Ved utgangen av 1987 var det i alt 11 oppdrettskonsesjoner i distriktes kommuner, 6 for matfiskoppdrett og 5 for settefisk.

Desse konsesjonane er lokalisert slik:

Matfisk:

<u>Haram</u>	1. Brødr. Aarsæther A/S	Vestrefjorden, v/Eik
	2. A/S Sølvfisk	Longvafjorden, Haramsøy
	3. A/S Gladlaks	Fjørtoftfjorden, Fjørtoft
<u>Skodje</u>	4. K/S Mauren Laks A/S ex.Almklov Mink og Laksefarm	Mauren, Skodje
	5. A/S Stettefisk	Stettevika, Skodje
<u>Ørskog</u>	6. Oppdrettslaks A/S	Ørskogvika, Sjøholt, alt. lok., Grytafjorden i Haram

Settefisk:

<u>Haram</u>	1. Brødr. Aarsæther A/S	Vestrefjorden, v/Eik
<u>Skodje</u>	2. Glomset Fiskeoppdrett A/S	Honningdalsvågen, v/Glomset
<u>Ørskog</u>	3. Hallvard Eide	Storfjorden, v/Vestreelva
	4. Vakså Settefisk A/S	Storfjorden, v/Vaksvik
<u>Vestnes</u>	5. Sætre Settefisk A/S	Tresfjorden, v/Daugstad

Som sagt fikk Haram 1 matfiskkonsesjon i den nasjonale tildelingsrunden for 1985. Konsesjonen (8.000 m³) vart tildelt A/S Gladlaks på Fjørtoft i juli mnd. '86. Trass i at lokaliteten er værhard, er no anlegget kome godt igang med drifta. Eigarane regner med at anlegget's volumkapasitet vil verte fullt utnytta i løpet av 1. halvår 1988.

I Haram er det no 3 matfiskanlegg i drift, medan det var 2 anlegg som hadde produksjon i både 1986 og 1987.

Som det framgår av tabell 5.1 er det i meldingsåret tildelt/ etablert 6 matfiskkonsesjonar/anlegg i distrikteís kommuner, noko som tilsvarer eit oppdrettsvolum på 54.000 m³, totalt sett.

I Haram kommune var det i 1986 eit utnytta oppdrettsvolum på 15.900 m³, medan det i 1987 er utnytta 21.500 m³. Totalt sett tilsvarer dette ein auke i kapasiteten på 35% samanlikna med året før.

I 1986 var det slakta ca. 84.500 kilo laks og 111.100 kilo ørret, medan det i 1987 er slakta 259.100 kilo laks og 114.500 kilo ørret, som vist i tab. nr. 5.1.2. Dermed auka totalt kvantum slakta matfisk med 91% for dei to anlegga som hadde produksjon i tidsrommet 1986 til utgangen av 1987. Verdien av det produserte kvantum oppdrettsfisk auka i same tidsrom med i alt ca. 138%.

Ein forventar auka omsetning av matfisk i Haram kommune då det enno er anlegg med ledig kapasitet som skal bygges ut, og som truleg vil verte utnytta kommande år.

I Skodje kommune er det eitt matfiskanlegg som er i drift og har produksjon, og det var utnytta 8.000 m³ i både 1986 - 1987.

I 1986 var det totalt slakta 162 tonn laks, medan det i 1987 er slakta 178 tonn. Dette tilsvarer ein auke på 10% i tidsrommet 1986 - 1987. Verdien av det produserte kvantum oppdrettsfisk auka i same tidsrom med i alt ca. 31%.

I Ørskog kommune er det eit anlegg som er i drift og produserer matfisk, og det var utnytta 8.000 m³ i både 1986 - 1987.

I 1986 var det totalt slakta 38,4 tonn laks og 64,6 tonn ørret, medan det i 1987 er slakta 102,7 tonn laks og 42,4 tonn ørret. Totalt sett tilsvarer dette ein auke i slakta kvantum matfisk på 41 % i tidsrommet 1986 - 1987. Verdien av det produserte kvantum oppdrettsfisk auka i same tidsrom med i alt 79%.

Settefiskanleggene i distriktet har ved utgangen av meldingsåret 5 konsesjonar med ein potensiell produksjonskapasitet på 2,4 mill. smolt pr. år, som vist i tabell 5.1.1.

Bare to av settefiskanleggene har hatt produksjon i 1986 -1987. Anleggene ligger i kommunane Haram og Skodje og uttaket av smolt er som vist i tab. nr. 5.1.2.

I Haram kommune var det i 1986 produsert i alt 127.000 stk. laksesmolt til ein verdi pålydande 1 970 000 kroner, medan det i 1987 er produsert 200 000 stk. laksesmolt og 130 000 stk. ørretsmolt, noko som tilsvarer ein salgsverdi på 3 745 000 kroner, totalt sett dette året.

I alt auka anlegget settefiskproduksjonen med 160% i tidsrommet 1986 til utgangen av 1987. Verdien av det produserte kvanta settefisk (laks og ørret) auka i same tidsrom med i alt 90%.

I Skodje kommune var det i 1986 produsert i alt 80 000 stk. laksesmolt og 47 000 stk. ørretsmolt, medan verdien av desse kvanta utgjorde 1 850 000 kroner.

*I 1987 er det i alt produsert 110.000. stk. laksesmolt og ørretsmolt. Verdien av desse kvanta utgjorde

I alt auka anlegget settefiskproduksjonen med i tidsrommet 1986 - 1987. Verdien av dei produserte kvanta settefisk auka i same tidsrom med i alt _____.

I Vestnes kommune er det eitt settefiskanlegg under etablering/bygging i meldingsåret. Anlegget kan ha ein årleg produksjon på inntil 600.000 stk. settefisk av laks og ørret. Beskjeftigelsen hittil har i det vesentlege vore konsentrert om oppbygging/anleggsarbeid. Anlegget har difor ikkje hatt produksjon i 1987.

I Ørskog kommune er det ingen av dei to anleggene (konsesjonane) som er i drift, og eventuelt oppstartingstidspunkt er høyst usikker.

* Når det gjeld settefiskanlegget i Skodje, har det vore umuleg å få statistiske opplysningar for året '87.

5.2. Oppdrett av andre marine fiskearter og skjell dyrking.

Ved utgangen av 1987 var det tildelt to konsesjonar for oppdrett av andre marine fiskearter enn laks og aure, med eit samla oppdrettsvolum på 2.000 m³. Anlegga hadde ikkje produksjon i 1987.

Av skalldyr er det tildelt 42 konsesjonar, kvarav 2 er utgått på grunn av tidsbegrensning på 2 år.

Desse konsesjonane er fordelt på kommunane som vist i tabell 5.2.

Tabell 5.2: Konsesjonar for andre marine fiskearter og skalldyr fordelt på kommuner pår. 31.12.87.

Kommune	Andre marine fiskearter				Skalldyr		
	Ant.	Torsk	Kveite	Ål Oppdretts- volum (m ³)	Ant.	Areal (dekar)	
Haram	1		1	1.000	36	141,5	
Skodje					2	5	
Ørskog	1		1	1.000	2	5,5	
Vestnes							
Totalt	2		1	1	2.000	40	152

Konsesjonane for oppdrett av andre fiskearter er tildelt i 1987.

Når det gjeld skjell dyrking vart dei fleste konsesjonane tildelt i 1986. Av dei 40 skalldyrkonsesjonane er kun 6 tildelt i 1987 Dette tilsvarar då også aukinga i antal anlegg frå 1986 til i år.

Ein gjer merksam på at det kun er eit lite antal skalldyranlegg som er kome i drift ved slutten av meldingsåret. Ein undersøkelse som vart gjort 1. halvår '86 syner at ca. 14 anlegg var mer eller mindre i drift. Eitt av desse så ut til å kunne drive kommersielt. Men det er hittil ikkje levert noko større parti skjell for salg.

6. LÅNE- OG FINANSIERINGSKJELDER

6.1. Statens Fiskarbank.

Tab. nr. 6.1. Omsøkt og innvilga lån - stønadslån i Statens Fiskarbank i perioden 1986 - 1987 (kr. 1 000,-) *

1) OMSØKTE LÅN:

KOMMUNE	ÅR	ANT.	FARTØY	ANT.	REDSK.LÅN	ANT.	TILV.ANL.	ANT.	TOTALT
HARAM	'86	21	89 189	2	395	2	2 300	25	91 884
	'87	15	176 407	2	1 813	2	2 240	19	180 460
	'88								
VESTNES	'86	2	900					2	900
	'87	0	0					0	0
	'88								

2) INNVILGA LÅN:

KOMMUNE	ÅR	ANT.	FARTØY	ANT.	REDSK.LÅN	ANT.	TILV.ANL.	ANT.	TOTALT
HARAM	'86	11	13 615	0		0		11	13 615
	'87	12	10 733	1	600	1	500	14	11 833
	'88								
VESTNES	'86	1	250					1	250
	'87	0						0	
	'88								

KJELDE: STATENS FISKARBANK

Tabellen syner: 1. Antal registrerte søknadsbeløp - nye lån og overføringar for årene 1986 og 1987.
2. Innvilga lån og overføringar for dei same år.

* For dei kommunane i distriktet som ikkje er teken med i tabellen, har det ikkje skjedd registreringar i perioden 1986-1987.

Kommentarer.

Som det framgår av tab. nr. 6.1 er søknadsbeløpene på lån i Statens Fiskarbank av betydeleg storleik. Frå 01.01.87 til 31.12.87 auka beløpet på omsøkte lån med i alt 88,5 mill. kroner, og utgjør ved utgangen av meldingsåret 180,5 mill. kroner, og det tilsvarende ein auke på over 96%. Dette til tross for at antal totale søknader i same periode vart redusert frå 25stk. i 1986 til 19 stk. i 1987.

I 1986 var det prosjektert tre nybygg, to fabrikkskip basert på hhv. filet- og surimiproduksjon, samt eitt kystfiskefartøy på 47 fot. Av omsøkte lån til nybygg vart det dette året innvilga kr. 1 850 000,-. Dette tilsvarende ein innvilgingsgrad på berre 2%.

I meldingsåret er det handsama 4 søknader angående nybygg og er ein meir enn i 1986. Investeringslysten blant fiskarane har såleis, særleg når det gjeld "nybygg", vist ein aukande trend dei siste 2-åra.

Til gjengjeld er innvilgelsesgraden i prosent redusert totalt sett med over 8% i perioden 1986 - 1987 og utgjør no ca. 7%.

I 1987 er det ikkje gjeve tilsegn om lån til nybygg. Årsaken til det er stort sett utilstrekkeleg låneramme i Fiskarbanken då det her er tale om relativt store lånebeløp pr. fartøy, tildømes kan det nemnes konstaktpriser på hhv. 30 mill og 80 mill. kr. Dette tilseier at det er svært vanskeleg å få lån til finansiering av større havgåande båtar.

Vestnes og dei øvrige kommunane i distriktet hadde ikkje registrerte lånesøknader i 1987.

6.2. Andre låne- og finansieringskjelder.

Bortsett frå søknader til Statens Fiskarbank førelå det ein søknad til Distriktenes Utbyggingsfond angående lån og tilskot til delvis finansiering for bygging/utvidelse av kaianlegg.

7. FISKERINÆRINGA - KONKLUSJON/SAMANDRAG

Talet på sysselsette innan fiskerinæringa i rettleiardistriktet har auka jevnt i tidsrommet 1985 til utgangen av meldingsåret 1987. Innan dei "tradisjonelle" fiskeria har det dessutan vore ein positiv utvikling når det gjeld rekruttering av unge fiskarar.

Når det gjeld fartysamansettinga i distriktet har det vore størst auke i talet på mellomstore og store båtar.

Angående fiskeflåtens standard og alderssamansetning har ein registrert ei relativt positiv utvikling. I Haram kommune har det bl.a. vore ein netto tilgang på totalt 5 farty i meldingsåret. Tilgangen innbefatter 3 nybygg, derav eitt autoline/teine fartøy i storleiksgruppen 10-14,9 m og to moderne fabrikktrålare på hhv. 56 m og 65,5 m. Ca. 69% av fartya over 10 m er bygd etter 1970.

Ved utgangen av meldingsåret er det i alt 23 konsesjonar og fiskeløyve i rettleiardistriktet. Haram kommune har 22 stk., herav 5 torsketrålkonksesjonar, medan Vestnes har ein konsesjon for fiske med snurrevad.

Likviditetssituasjonen for fiskeflåten varierer både når det gjeld storleiken på fartya og/eller etter kva slags fiske dei enkelte fartøy driver. Utifrå dei registreringar som er gjort, kan ein likevel si at det er ringnotbåtane som har hatt størst likviditetsproblemar i tidsrommet 1986 - 1987.

Samla kvantumstilgang av bunnfisk i 1987 syner ein reduksjon på ca. 3% samanlikna med 1986, medan verdien av det same kvantum oppfiska bunnfisk auka med 17%. Det kan nemnes eit par/tre årsaker til at førstehandsverdien av oppfiska kvantum bunnfisk auka monaleg: Det ilandførte kvantum torsk auka med ca. 16% og utgjør i 1987 ca. 42% av det totale ilandførte kvantum bunnfisk. Sjølv om det ilandførte kvantum sei hadde ein tilnærmet reduksjon (15%) samanlikna med året før, var prisane på torsk vesentleg høgare enn på sei, noko som skyldes ein gunstig prisutvikling på torsk.

Førstehandsverdien (norske kroner) av totalt oppfiska kvantum bunnfisk utgjør i 1987 tilnærmet 77,4 millioner kroner, medan den i 1986 utgjorde tilnærmet 69 mill. kroner.

Reidskapstyper: Mesteparten av bunnfisken vart fanga med garn/line og trål. Av det totale ilandførte kvantum i 1987 er ca. 26% fiska på garn og line, medan heile 74% med trål. Garn- og linefangstane har auka litt (ca.2%) dette året samanlikna med 1986, medan trålfangstane har hatt ein svak reduksjon (1%), totalt sett i nemnte tidsrom. Juksafangstane var ubetydelig i 1987.

Generelt kan ein konstatere at det ikkje har skjedd vesentleg endring i totalt oppfiska kvantum bunnfisk i tidsromet 1986-1987. Ein kan difor fastslå at dei tradisjonelle fiskebedriftene i distriktet som i alt vesentlig grad er lokalisert i Haram kommune, fikk tilført omlag same mengde råstoff som i fjor, totalt sett i meldingsåret.

I meldingsåret er det handsama 4 søkander angående nybygg og er ein meir enn i 1986. Investeringslysten blant fiskarane har såleis, og då særleg når det gjeld nybygg, vist ein aukande trend dei siste 2-åra. Frå 01.01.87 til 31.12.87 auka beløpet på omsøkte lån med i alt 88,5 mill. kroner, og utgjør ved utgangen av meldingsåret 180,5 mill. kroner, noko som tilsvare ein samla auke på over 96%. Dette til tross for at antal totale søknader i same periode vart redusert frå 25 stk. i 1986 til 19 stk. i 1987.

Til gjengjeld er innvilgelsesgraden i prosent redusert samla sett med over 8% i perioden 1986 - 1987 og utgjør no ca. 7%. I 1987 er det ikkje gjeve tilsegn om lån til nybygg. Årsaken til det er stort sett utilstrekkeleg utlånsramme i Fiskarbanken då det her er tale om relativt store lånebeløp pr. fartøy, til dømes kan det nemnes kontraktprisar mellom 30 mill. og 80 mill. kroner. Dette tilseier at det er svært vanskeleg å få lån til finansiering av større havgåande båtar.

Når det gjeld matfiskanleggane i kommunane må ein kunne si at stort sett samtlege har hatt ein tilfredstillande drift i 1987. Det same gjeld også for året 1986.

Anleggene har sjølvsagt hatt ein del problemer som naturleg vil oppstå i samband med drifta, tildømes kan nemnast problemer med osmoregulering (uttørking) ved tidleg utsetting av auresmolt, samt ein del kjende sjukdomar som tildømes Hitrasjuke m.v. Men desse plagane har ikkje vore større enn at dei er blitt løst etterkvart, og etter beste evne i tråd med dagens viten innan akvakultur.

Av heilt andre vanskar som kan nemnast er problemer med finansiering av tildømes anlegg i oppbyggingsfasen, slik at deires volumkapasitet ikkje er blitt maksimalt utnytta. Men på grunn av to gode år innan matfiskproduksjonen med lite dødelighet og relativt brukbare markedsprisar på laks, er det fleire ting som talar for at det kan bli betre finansieringsmuligheter komande år. Dette under forutsetning av at matfiskproduksjonen vil fortsette å gå like bra som den hittil har gjort.

Ved utgangen av meldingsåret er det etablert 6 anlegg med matfiskkonsesjonar i distriktets kommuner. Samla sett tilsvare dette eit oppdrettsvolum på 54 000 m³, og det er det same som eitt år tidlegare. Dog må det nemnes at Haram kommune fikk tildelt ein matfiskkonsesjon (8 000 m³) i juli mnd. '86 i samband med den nasjonale tildelingsrunden for 1985.

I 1987 er det samla sett i distriktes kommuner eit utnytta oppdrettsvolum på 37 500 m³, medan det i 1986 var utnytta 31 900 m³. Dette tilsvare ein auke i kapasiteten på ca. 18% samanlikna med året før.

Samla sett var det i 1986 slakta 285 tonn laks og 176 tonn ørret, medan det i 1987 er slakta 540 tonn laks og 157 tonn ørret. Dermed auka totalt kvantum slakta laks med over 89 %, medan slaktekvantumet for ørret vart redusert med 19%.

Verdien av det produserte kvantum laks utgjør i 1987 over 21 mill. kroner, medan den i 1986 utgjorde tilnærmet 10 mill. kroner. Dette tilsvarer ein %-vis auke på 110%. Verdien av omsetninga på ørret vart i same tidrom redusert med 10% og utgjør ved utgangen av meldingsåret tilnærmet 3.3 mill. kroner.

Ein forventar framleis auka omsetning av matfisk i distriktet då det enno er anlegg med ledig kapasitet som skal bygges ut, og som truleg vil verte utnytta komande år.

Settefiskanleggene i distriktet har ved utgangen av meldingsåret i alt 5 konsesjonar med ein potensiell produsjonskapasitet på 2,4 millionarstk. smolt pr. år. Aukinga i konsesjonskapasiteten var monaleg i 1986, då det vart tildelt 4 konsesjonar med tilsaman ein årleg produksjonskapasitet på over 1,8 mill. stk. smolt.

På grunn av forventta overproduksjon av smolt er ikkje alle anlegg igangsatt. *Undersøkelse som er foretatt syner at 2 av dei 5 anlegga ikkje har realisert sine planar verken når det gjeld bygging av anlegg og/eller igangsetting av smoltproduksjon. Totalt sett utgjør dette eit potensielt produksjonsvolum på knapt 1,2 mill. stk. smolt. Den faktiske konsesjonskapasitet for settefisk er derfor ved utgangen av meldingsåret på ca. 1,3 mill. stk. smolt, totalt sett.

I Haram kommune er det i 1987 produsert 200 000 stk. laksesmolt og 130 000 stk. ørretsmolt. Tilsaman tilsvarer dette ein salgsverdi på 3 745 000 kroner.

Når det gjeld oppdrett av andre marine fiskearter er det i 1987 tildelt to konsesjonar, med eit samla oppdrettsvolum på 2 000 m³. Desse anlegga hadde ikkje registrert produksjon i meldingsåret. Pr. 31.12.87 er det registrert 40 anlegg med løyve til skjeldyrking. Samla areal utgjør ca. 152 dekar. Ingen av anlegga hadde kommersiell produksjon i meldingsåret.

* Etter å ha snakka med leiarane for dei planlagte anlegga, er utsiktane for å kome igang med settefiskproduksjon i 1988 svært små.

V E D L E G G

A

HARAM 1986

Lengde i meter	Antal fartøyer				Byggeår					
	Status pr.1/1	Avgang	Tilgang	Status pr.31/12	Før 1950	1950-59	1960-69	1970-79	1980-86	Uopp- gitt
Under 10	47	15	3	36		4	1	19	11	1
10-14,9	19	3	2	17	3	2	2	8	1	1
15-24,9	5	1		4	2	1			1	
25-34,9	11	1	1	11			5	3	3	
35-49,9	6	1	1	6		1	2	3		
Over 50	6	1		5	1		2	2		
Totalt	94	22	7	79	6	8	12	35	16	2

Tab. 3.1 - Merkerregisterdata pr. 31.12.86.

SKODJE 1986

Lengde i meter	Status pr.1/1	Antal fartøyer			Byggeår					
		Avgang	Tilgang	Status pr.31/12	Før 1950	1950-59	1960-69	1970-79	1980-86	Uopp- gitt
Under 10	17		1	18	2	4	4	6	2	
10-14,9	1	1		0						
15-24,9										
25-34,9										
35-49,9										
Over 50										
Totalt	18	1	1	18	2	4	4	6	2	

Tab. 3.1 - Merkeregisterdata pr. 31.12.86.

ØRSKOG 1986

Lengde i meter	Status pr.1/1	Antal fartøyer			Byggeår					
		Avgang	Tilgang	Status pr.31/12	Før 1950	1950-59	1960-69	1970-79	1980-86	Uopp- gitt
Under 10	12			12	2	2	4	4		
10-14,9										
15-24,9										
25-34,9										
35-49,9										
Over 50										
Totalt	12			12	2	2	4	4		

Tab. 3.1 - Merkerregisterdata pr. 31.12.86.

VESTNES 1986

Lengde i meter	Status pr.1/1	Antal fartøyer			Byggeår					
		Avgang	Tilgang	Status pr.31/12	Før 1950	1950-59	1960-69	1970-79	1980-86	Uopp- gitt
Under 10	20		1	21		4	6	6	4	1
10-14,9	1		1	2					2	
15-24,9										
25-34,9	1			1				1		
35-49,9										
Over 50										
Totalt	22		2	24		4	6	7	6	1

Tab. 3.1 - Merkerregisterdata pr. 31.12.86.

Tab. 3.2. Krinsvis fordeling av fiskeflåten pr. 31.12.86

HARAM KOMMUNE

Sted, Storleik i meter	Under 10m	10-14,9m	15-24,9m	25-34,9m	35-49,9m	Over 50m
Lepsøy	3	3			1	2
Haramsøy	3	2	2			1
Flemsøy	10	2	1		1	
Fjørtoft	7	3	1	3	1	
Brattvåg/Hellandshamn	3	4			1	2
Hildre	1	1				
Søvik/Gamlem	3			1	1	
Vatne/Grytestranda/ Vestrefj./Tennfj.	6	2		7	1	
	36	17	4	11	6	5


V E D L E G G

B

H A R A M K O M M U N E

Etablerte anlegg for matfisk (M)
og settefisk. (S) - pr.31.12.87

1. Sølvfisk A/S
2. Gladlaks A/S
3. Brødr. Aarsæther A/S, Vestrefjord




V E S T N E S K O M M U N E

- - - : Kommunegrense
- S : Settefiskanlegg



SKODJE KOMMUNE


- : Kommunegrense
- * M : Matfiskanlegg
- S : Settefiskanlegg



ØRSKOG KOMMUNE


--- : Kommunegrense

* M : Matfiskanlegg



H A R A M K O M M U N E

PLANLAGTE MATFISKANLEGG 1985/86



- | | |
|---|------------------------------------|
| 1. Longva Sjøfarm A/S | 14. Johan A Haram |
| 2. Lepsøy Fiskeindustri A/S | 15. Johan Hildre |
| 3. Asgeir Daniel Longva | 16. Steinar Kjarstad |
| 4. Davik Fikseoppdrett A/S | 17. Vestre-Laks |
| 5. Holmeset Fishfarming Ltd | 18. Gjendemsjø Akvafisk |
| 6. Ingolf Engeseth | 19. Ullafisk A/S |
| 7. Nordøy Akvakultur A/S | 20. Bjørnøylaks |
| 8. Karsten Flem A/S | 21. Store Kalvøy Fiskeoppdrett A/S |
| 9. Edelfisk A/S | 22. Kjerstad Fisk A/S |
| 10. Helle Laks A/S | 23. Otterlei Fisk A/S |
| 11. Årsetlaks A/S | 24. Lundavik Fiskeoppdrett A/S |
| 12. Gladlaks A/S (tildelt konsesjon juli '86) | 25. Longva, Opstad & Rørstad |
| 13. Vestlaks | 26. Norbert Engeseth A/S |
| | 27. Aqua-kultur A/S, Vatne |

9.27 - stamfiskanlegg